



Førde IL Orientering – nyheitsbrev 3-22

Haust-aktivitet o-gruppa

Svært gledeleg at det har vore godt oppmøte på dei første nærløpa etter «ferien».

Det er framleis mykje god aktivitet igjen av sesongen. Her har vi samla opp litt informasjon om det som skjer.

DATO	Nr.	STAD	MERKNAD
SEPTEMBER			
Ons. 7.	18	Ramsdalsheia (Aust)	Nærløp, arrangør Tambarskelvar IL
La10 - Sø11		STAFETT FOR LIVET - KREFTFORENINGEN	Førde stadion – 24 timers stafett
Ons. 14.	19	Slåtten skule	Nærløp sprint
Laur. 17.		Sogndal	Krinsløp UNGD.SAMLING /O-TROLL
Søn.18.		Sogndal	Krinsløp + KM lang UNGD.SAMLING /O-TROLL
Ons. 21.	20	Førde Ungdomsskule	Nærløp, lagsmeisterskap sprint
Fred. 30	1	Vassenden, Gjesdalsdalen	KM natt-orientering
OKTOBER			
Laur. 1.		Naustdal	«Haustbløyta», krinsløp
Ons. 5.	2	Byrkjeflot, Kinna	Nærløp Natt
Ons. 12.	3	Langeland Skisenter	Nærløp Natt
Ons. 19.	4	Blomlia	Nærløp Natt
Ons. 26.	5	Langeland, Høgda Vest	Nærløp Natt / Lagsmeisterskap Natt
NOVEMBER			
ONS. 2.	6	Hafstadparken, FIL-huset	Nærløp Natt
Onsdag 2.11.		PREMIEFEST	
DESEMBER			
Man. 26.			"Romjulsløpet" 2. juledag

Stafett for livet – Kreftforeningen:

Laurdag 10. september frå kl 12.00 til søndag 11. september kl 12.00 vert Kreftforeningens Stafett for livet arrangert i Førde. Dette er eit arrangement som vil samle mykje folk på Førde stadion denne helga. Til no er det påmeldt 24 lag, og over 350 deltakarar. I tillegg kjem det mange andre innom denne dagen. Orienteringsgruppa er blitt kontakta for å ha sette opp ei rakettløype / N-løype, og den skal vi ha klar frå kl 14.00 laurdag.

Vi har også valgt å melde på eit lag frå Førde IL Orientering. Her treng vi fleire deltakarar som kan vere med å ta nokre runder rundt idrettsbana. Ein går/spring i sitt eige tempo.

Sjå Facebook-sida vår for meir informasjon kring denne stafetten, der ein også kan vise sin interesse i kommentarfeltet. Håpar fleire vil vere med.

Meir informasjon om stafetten finn du her:

<https://kreftforeningen.no/stafettforlivet/tilbud/kreftforeningens-stafett-for-livet-forde/>

3 nærløp i dagslys

Nærløp 7.9 på Ramsdalsheia, og sprintløp 14.9 på Slåtten og 21.9 på Førde ungdomsskule.

Nattløp:

Det er lagt opp til 5 nattløp frå onsdag 5.10. Men nattløp-sesongen startar fredag 30.10 med KM natt arrangert av klubben på det nye kartet i Gjesdalsdalen på Jølster.

Nybyrjarkurs orientering

Vi har med oss nokre bedrifter som gode økonomiske støttespelarar i år.

Tilsette i desse bedriftene får tilbod om nybyrjarkurs måndag 12. september i Hafstadparken.

Orienteringshelg i Sogndal 17. og 18. september – m.a. KM lang

Kretsløp sprint i Sogndal sentrum laurdag 17., og KM langdistanse Hodlekve søndag 18. sept.

Det vert også arrangert o-troll-leir for dei yngste, og ungdomsleir for gruppa 13-25 år.

For løparar frå Førde som ønsker overnatting frå laurdag til søndag har Yngve Årdal moglegheit til å huse ein del på hytte i Hodlekve. Framleis ledige senger. Gje beskjed til Yngve om ein ønsker det.

Informasjon om løpa i Sogndal finn du her:

<http://www.orientering.no/kretser/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/nyheter-sogn-og-fjordane/sprintlop-og-km-lang-i-sogndal-og-hodlekve-17-18-sep/>

O-troll leir og Ungdomsleir 13-25 år

Sogn og Fjordane Orienteringskrins / Sogndal IL arrangerer o-troll leir og ungdomsleir for yngre løparar i Sogndal 17. og 18. september. Påmeldingsfrist: måndag 11.9. Påmelding via Eventor, der du også finn meir informasjon (sjå ev. link overfor på KM-helg i Sogndal)

O-trolleir(-12 år): <https://eventor.orientering.no/Events/Show/17000>

Ungdomssamling (13+ år): <https://eventor.orientering.no/Events/Show/17001>

Premiefest

Premiefest vert onsdag 2. november på FIL-huset etter siste nattløpet i Hafstadparken.

Følg oss:

Meir informasjon på nettsida: orientering.fordeidrettslag.no

Følg oss også på Facebook

Førde IL Orientering støttespelarar 2022 – bruk dei:



Din leverandør av nyttekøretøy



ENIVEST

